

Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 16.09.2020

Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering gav slikt svar:

«Representanten Øyvind Strømmen har stilt tre spørsmål.

Spørsmåla som vert stilt er omfattande og grip inn i heile breidda av fylkeskommunen sin politikk og oppgåver. Svaret er kortfatta og viser til pågående og kommande prosessar i fylkeskommunen.

1. Har fylkeskommunen oversikt over korleis korona har påverka arbeidsløysa blant innvandrarar i fylket?

Ja, vi kan via SSB sine kvartalsvise statestikkar følgje arbeidsløysa blant innvandrarar. Følgjande tabell viser arbeidsledige i arbeidsstyrken i Vestland og Norge for første og andre kvartal 2020:

46 Vestland	Arbeidsledig % av arbeidstyrken 1. kvartal 2020	Arbeidsledig % av arbeidstyrken 2. kvartal 2020
Totalt	2,1	6,0
Befolkingen eksklusive innvandrere	1,5	4,5
Innvandrere i alt	5,6	14,2
Gruppe 1: EU/EFTA, Nord-Amerika, Australia og New Zealand	4,6	13,2
Gruppe 2: Asia, Tyrkia, Afrika, Latin-Amerika, Europa utenom EU/EFTA, Oseania utenom Australia og New Zealand	6,8	15,4

Norge	Arbeidsledig % av arbeidstyrken 1. kvartal 2020	Arbeidsledig % av arbeidstyrken 2. kvartal 2020
Totalt	2,3	6,4
Befolkingen eksklusive innvandrere	1,7	4,9
Innvandrere i alt	5,5	13,7
Gruppe 1: EU/EFTA, Nord-Amerika, Australia og New Zealand	4,6	12,2
Gruppe 2: Asia, Tyrkia, Afrika, Latin-Amerika, Europa utenom EU/EFTA, Oseania utenom Australia og New Zealand	6,3	15,1

SSB: 07115: Registrerte helt arbeidsledige innvandrere og deltagere på tiltak 15-74 år, etter region, landbakgrunn, statistikkvariabel og kvartal

Mange i mellombelse tilsetjingar og deltid gjer tilsette i gruppa innvandrarar meir sårbar for svingingar i næringsliv og arbeidsmarknad, noko vi meiner å sjå har skjedd også i koronatida.

Fylkeskommunen vil i vidare arbeid med eige kunnskapsgrunnlag for utviklingsplan, regionale planar, folkehelseundersøkinga, m.m. i Vestland fylkeskommune legge vekt på å skaffe fram oppdatert statistikk som også viser status og utvikling for innvandrarbefolkinga.

2. Er det sett i gang eller er det aktuelt å setja i gang konkrete tiltak overfor denne gruppa knyta til koronamidlar?

Så langt har det ikkje vore lagt inn spesifikke kritrier knytt til innvandrarar ved tildeling av koronamidlar i Vestland fylkeskommune. Det kan vere relevant å løfte problemstillinga administrativt og politisk framover for å sjå på om dette er noko vi skal konkretisere nærmare. Så er det, sjølv om dette går utover den konkrete bruken av koronamidlar no, aktuelt å peike på Utviklingsplanen for Vestland som m.a. har som eit av måla «Likeverdige moglegheiter til å delta i verdiskaping». Dette er også følgt opp i planprogram for regional plan for innovasjon og næringsutvikling der eit av plantema er «Innovative samfunn og like mogelegheiter til å delta i verdiskaping». Dette gir innretning på arbeidet

som eg vonar på sikt vil gi positive effektar m.a. i høve innvandrarane si tilknyting til arbeidslivet.

3. Kva arbeid har fylkeskommunen gjort og gjer fylkeskommunen i høve regjeringa sin inkluderingsdugnad for å få fleire i arbeid?

Regjeringa sin inkluderingsdugnad har tre innsatsområde:

- Redusere arbeidsgivernes risiko ved å ansette
- Arbeid og psykisk helse
- Bedre muligheter til opplæring

I høve dei to førstnemnde innsatsområda vil eg peike på at fylkestinget har fatta politisk vedtak som er tatt inn i utkastet til rekrutteringsprosedyre. Der heiter det at Vestland fylkeskommune skal vere ein arbeidsgjevar som legg til rette for rekruttering av menneske med nedsett funksjonsevne og menneske med «hol» i CV'en sin.

Når fylkeskommunen har opplæring i temaet rekruttering blir det lagt spesielt vekt på at vi skal vere ein arbeidsgivar som skal kunne tilby arbeid til menneske med hol i CV, nedsatt funksjonsevne og/eller annan kulturell bakgrunn.

Rekrutteringsprosedyren er under arbeid, og vil verte publisert i fylkeskommunen sitt kvalitetssystem når dette er godkjent.

Vestland fylkeskommune skal vere ein inkluderande arbeidsplass. Gjennom det systematiske HMS-arbeidet vil vi streve etter å ta vare på dei tilsette og unngå fråfall og utstøyting. Ved rekruttering av tilsette med helsemessige eller andre utfordringar vil vi så langt mogleg legge til rette og følgje opp den einskilde. Her vil og bedriftheitsetenesta kunne bidra. Alle leiatar med personansvar spelar ei viktig rolle ved inkludering og tilrettelegging. Dette vil bli tema i kommande leiaropplæring, og i våre HMS-kurs for leiatar og verneombod.

Med tanke på vår rolle overfor eksterne, vil tilskotsordninga for innvandrarar som vi tok over fra IMDi januar 2020 til mentor- og traineeordninga og etablererordning, saman med tilskot til Jobbsjansen - del B vere eksempel på konkrete handlingar der fylkeskommune kan bidra til å styrke innvandrarar si innpass i arbeidslivet.

Når det gjeld betre moglegheiter for opplæring byggjer Vestland fylkeskommune vidare på godt arbeid i opplæringssektoren. I samarbeid mellom kommunar og fylkeskommunen vert det tilbydd såkalla kombinasjonsklassar der grunnskuleopplæring på vidaregåande skular er sentral (jf også tiltaket Jobbsjansen - del B). Gjennomføring av dette tilbodet kvalifiserer til å starte i vidaregående opplæring.

I «Gloppen-modellen» finn vi ein samhandlingsmodell der Nav og kommunen kvalitetssikrar kandidatar til ei 4-årig opplæringsløp mot eit fagbrev og lovar lærepass. Det er tett samarbeid opplæringskontor, vidaregåande skular i heile opplæringsløpet. Det vert arbeidd med forsøk på å utvikle slike modeller i hele fylket.

Eit anna tiltak er der NAV, Bergen kommune og fylkeskommunen samarbeider gjennom et utviklingsprosjekt for å finne gode modeller for modulstrukturert opplæring og modellar for samfinansiering.

I tillegg vil fylkeskommunen forsøke å rette deler av midlar som er øyremerka opplæring for permitterte og ledige mot denne målgruppa.

Vi har også mange ulike vaksenopplæringsstilbod, men der det ikkje er lovnad om lærepass. Her er eit utviklingspotensiale.

Eg vil også peike på karriererettleiinga som fylkeskommunen tilbyr som eit viktig tiltak i det å finne ein veg inn i arbeidslivet.

Spørsmåla frå Øyvind Strømmen er viktige og omfattande. Eg har i svaret forsøkt å vise til kva fylkeskommunen gjer, og korleis vi samhandlar for å løyse oppgåver innan dette feltet. Eit sentralt suksesskriterium for å lukkast med regjeringa sitt mål om rask integrering gjennom opplæring og arbeid, er forpliktande samarbeid mellom kommunane, fylkeskommunen, NAV og lokalt næringsliv.

Avslutningsvis vil eg også peike på nye oppgåver fylkeskommunen har fått, og Lov om integrering som er venta vedteken i Stortinget i haust, og gjort gjeldande frå 1.1.2021 vil tydeleggjere fylkeskommunen sitt ansvar og oppgåver på integreringsfeltet. Fylkeskommunen har ein unik moglegheit til å løfte integreringsoppgåvene inn i den store samfunnsutviklingsprosessen, og arbeide for eit mangfaldig og inkluderande Vestland. Utviklingsplanen for Vestland som fylkestinget skal vedta på førstkommmande møte, legg gode føringar for dette.»